

TIDE BUSS AS  
Postboks 6300  
5893 BERGEN

Dato: 23.04.2018  
Vår ref.: 2017/16963-7  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## Søknad om ruteløyve for strekninga Voss - Vik i Sogn frå Tide Buss AS - melding om vedtak

Vi viser til dykkar brev av 14.11.17, supplert i brev av 03.01.18, med søknad om ruteløyve for strekninga Voss – Vik i Sogn.

Fylkesutvalet gjorde i møte 11.04.18 følgjande vedtak i saka:

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd jf. yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Voss - Vik i Sogn, på vilkåret som er spesifisert i punkt 2-4.
2. Vognmateriell som vert som vert nytta i rutedrifta skal ha tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, herunder rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet viser til relevansen takst og ruteplan har i saka, og fylkeskommunen si mynde etter yrkestransportforskrifta §§ 28, 29 og 32, og set som vilkår for ruteløyvet at desse føresegnene vert følgde, herunder mellom anna trasé- haldeplass- og terminalbruk på Vossevangen.
4. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriell som vert nytta i rutedrifta skal ha den nyaste miljøteknologien.

**Grunngjevinga** for vedtaket er fylkesrådmannen sitt saksframlegg. Dette følgjer vedlagt, saman med utskrift av møteprotokollen.

**Klagerett:** Vedtaket kan påklagast av part eller annan med rettsleg klageinteresse til den fylkeskommunale klagenemnda. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket kom fram til vedkomande part.

Ei eventuell erklæring om klage skal setjast fram for Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Erklæring om klage skal vere autentisert og nemne den endring som vert ønskt i det vedtak det klagast over. Erklæring om klage bør også nemne dei grunner kлага stør seg til.

Part eller annan med rettsleg klageinteresse har, med visse unntak, rett til innsyn i dokumenta i saka. Nærmare opplysningar om klageretten og retten til innsyn i dokument går fram av forvaltningslova, som er kunngjort på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no). Samferdselsavdelinga kan også gje nærmare opplysningar om klageretten.

Ruteløyvedokument for den aktuelle strekninga vil bli oversendt så snart det ligg føre rettskraftig vedtak.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2017/16963-5  
 Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	43/18	14.03.2018
Fylkesutvalet	81/18	11.04.2018

## Søknad om ruteløyve for strekninga Voss - Vik i Sogn frå Tide Buss AS

### Samandrag

Tide Buss AS har søkt om ruteløyve for strekninga Voss – Vik i Sogn. Søknaden skal handsamast etter nasjonale retningslinjer for handsaming av fylkesgrensekryssande ruter. Skyss har i dag parallelle ruter som gjev samband vidare til Leikanger - Sogndal. Det omsøkte rutetilbodet er ikkje konkurransedyktig overfor Skyss med omsyn til pris. Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at det av andre årsaker kan ha negative verknader for lokaltransporten i området. På bakgrunn av vurderinga i saksframlegget rår fylkesrådmannen til at søknaden vert imøtekomen. Fylkesrådmannen rår, på det grunnlag som går fram av saksframlegget, til at det vert sett vilkår for ruteløyvet.

**Økonomi:** Inga verknader.

**Klima:** Inga verknader.

**Folkehelse:** Inga verknader.

**Regional planstrategi:** Inga verknader.

### Forslag til innstilling

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd jf. yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Voss – Vik i Sogn, på vilkåret som er spesifisert i punkt 2-4.
2. Vognmateriell som vert som vert nytta i rutedrifta skal materiellet skal ha tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, herunder rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet viser til relevansen takst og ruteplan har i saka, og fylkeskommunen si mynde etter yrkestransportforskrifta §§ 28, 29 og 32, og set som vilkår for ruteløyvet at desse føresegnene vert følgde, herunder mellom anna trase- haldeplass- og terminalbruk på Vossevangen.
4. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriell som vert nytta i rutedrifta skal ha den nyaste miljøteknologien.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.03.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd jf. yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Voss - Vik i Sogn, på vilkåret som er spesifisert i punkt 2-4.
2. Vognmateriell som vert som vert nytta i rutedrifta skal ha tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, herunder rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet viser til relevansen takst og ruteplan har i saka, og fylkeskommunen si mynde etter yrkestransportforskrifta §§ 28, 29 og 32, og set som vilkår for ruteløyvet at desse føresegnene vert følgde, herunder mellom anna trasé- haldeplass- og terminalbruk på Vossevangen.
4. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriell som vert nytta i rutedrifta skal ha den nyaste miljøteknologien.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd jf. yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Tide Buss AS om ruteløyve for strekninga Voss - Vik i Sogn, på vilkåret som er spesifisert i punkt 2-4.
2. Vognmateriell som vert som vert nytta i rutedrifta skal ha tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, herunder rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet viser til relevansen takst og ruteplan har i saka, og fylkeskommunen si mynde etter yrkestransportforskrifta §§ 28, 29 og 32, og set som vilkår for ruteløyvet at desse føresegnene vert følgde, herunder mellom anna trasé- haldeplass- og terminalbruk på Vossevangen.
4. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriell som vert nytta i rutedrifta skal ha den nyaste miljøteknologien.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 06.03.2018

## Bakgrunn

Administrasjonen har i brev av 14.11.17, supplert i brev av 03.01.18, motteke søknad frå Tide Buss AS (Tide) om ruteløyve for strekninga Vossevangen – Vik i Sogn. Denne søknaden skal i dag, før fylkessamanslåinga, handsamast etter reglane for handsaming av fylkesgrensekryssande ruter. Av yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd jf. yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 går det fram at Hordaland fylkeskommune er løyvestyresmakt. Av § 11 i lova går det fram at fylkeskommunen kan setje vilkår for løyve. Samferdselsdepartementet har i Rundskriv N-2/2017 gjeve retningsliner for handsaming av søknader om fylkesgrensekryssande ruteløyve.

## Saksopplysningar

## Noverande og omsøkt rutetilbod

Skyss har i dag rutedrift på same strekning. Den vert utført av det same selskapet som står bak den aktuelle søknaden, Tide. Tabellen under syner Skyss sitt noverande rutetilbod som er fastsett å gjelde frå 01.05.18 - 31.10.18, det tilbodet Tide ønskjer å stå for i perioden 01.05. – 30.09 kvart år til og med 30.09.20, og korresponderande samband til/frå Bergen, og via Leikanger til/frå Sogndal.

Frå Vangsnes/Vik	Skyss Kvardagar 1/5-31/10	Skyss Dagleg** 1/5-31/10	Tide Buss Dagleg 1/5-30/9	Tide Buss Dagleg 1/5-30/9
<i>Avg buss frå Sogndal via Leikanger*</i>		16.45		
<i>Ank ferje frå Leikanger og Balestrand kommunar</i>	08.40	17.30		
Vangsnes	08.43	17.35		
Vik	09.05	17.55	11.35	17.10
Vossevangen	10.35	19.05	13.00	18.30
<i>Avg tog/ekspresbuss til Bergen</i>	10.40	19.38	13.00	18.39

Frå Vossevangen	Skyss Kvardagar 1/5-31/10	Skyss Dagleg** 1/5-31/10	Tide Buss Dagleg 1/5-30/9	Tide Buss Dagleg 1/5-30/9
<i>Ank tog/ekspresbuss frå Bergen</i>	10.28	15.35	09.56	15.14
Vossevangen	10.35	15.50	10.00	15.30
Vik	12.20	17.10	11.30	17.00
Vangsnes	13.10	17.20		
<i>Avg ferje til Leikanger og Balestrand kommunar</i>	13.25	17.30		
<i>Ank buss til Sogndal via Leikanger</i>	14.30	18.40		

\*: Drifta av Kringom.

\*\* : Ikkje laurdagar.

Som det framgår vil 3 av TB sine 4 planlagte ruteturar dei fleste dagar ha avgongstid kort tid før Skyss sine eksisterande turar.

Både Skyss sitt tilbud og det omsøkte har god korrespondanse med tog eller buss til/frå Bergen.

Oppsummert skil dei to tilboda seg slik:

- Tide sitt planlagte tilbud gjev ikkje korrespondanse vidare frå Vik. Skyss sine ruter gjev samband med ferje og buss via Leikanger til Sogndal.
- Tide vil drifte ruta ein månad kortare i året enn Skyss.
- Tide vil samla utføre 28 turar i veka, mens Skyss vil utføre 26 turar.
- Skyss har ei rute tilpassa dei vidaregåande skulane på Voss (kl 15.50 frå Vossevangen), noko Tide ikkje har.
- Skyss har i tillegg til rutene i tabellen lokalruter på strekninga Voss – Myrkdalen, og gjennomgåande ruter som trafikkerar strekninga Voss – Vinje. Søknaden frå TB gjeld ikkje slike ruter.

Den gjennomgåande kollektivtransporten på strekninga Bergen – Voss – Vik – Vangsnes – Leikanger - Sogndal, som vist over, vert i dag driven av Skyss og Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt administrasjonsselskap Kringom, på strekninga (Bergen -) Voss – Vangsnes. På strekninga Vangsnes – Sogndal vert den driven av Kringom åleine. Ved den komande fylkessamanslåinga vil Skyss og Kringom truleg få eit tettare samarbeid, eventuelt bli slått saman.

#### Noverande og omsøkt takstregulativ

Tabellen under viser utdrag av gjeldande takstregulativ for strekninga i dag, og det regulativet Tide ønskjer å nytte:

	Voss – Vik (69 km)		Myrkdalen – Vik (26km)	
	Skyss	Tide Buss	Skyss	Tide Buss
Vaksen	171	390	98	250
Barn	86	270	49	175
Honnør	114	390	65	250
Tenestepiktig	33/87	390	26/51	250
Fleirreisetakst	Ulike ordningar.	Ingen ordningar.	Ulike ordningar.	Ingen ordningar.

Når det vert innført nytt sonetakstsystem i Hordaland frå august 2018 vil avstanden mellom Skyss sine takstar og Tide sine takstar auke.

#### Retningsliner for sakshandsaminga

Det er i nemnde rundskriv gjevne nye retningsliner for handsaming av søknader om fylkesgrensekryssande ruter. Desse er meir liberale enn tidlegare retningsliner. I rundskrivet heiter det m.a følgjande:

På bakgrunn av vurderinga [av tidlegare praksis] ser departementet det nødvendig at fylkeskommunane gjer ei grundigare vurdering av verknadene for den lokale kollektivtrafikken ved handsaming av søknader om fylkeskryssande ruter. Kravet til grunngjeving av vedtak blir og skjerpa.

Departementet meiner det ikkje er tilstrekkeleg grunn for å pålegge vilkår om forbod mot lokaltrafikk eller avslag på søknaden, at ekspressruta kan føre til inntektstap for eksisterande lokalruter som har kompensasjon frå fylkeskommunane.

[...]

Departementet skjerpar hermed krava til fylkeskommunane si praktisering av behovsprøvinga av ekspressbussruter, samt krava til grunngjeving av vedtaket. Den ein skilde fylkeskommune skal foreta ei grundig vurdering av kva positive verknader ekspressbussruta vil ha for lokaltrafikken og eventuelle andre relevante forhold. I fylkeskommunen si grunngjeving skal det opplysast om dei hovudomsyna som har vore avgjørande ved behovsprøvinga, herunder kva positive og negative verknader fylkeskommunen har lagt vekt på i si vurdering.

Retningslinene er nærmare utdjupa i rundskrivet, og følgd i dette saksframlegget, delvis som den grunngjevinga som samferdselsdepartementet ber om.

I rundskrivet heiter det vidare m.a følgjande:

Fylkeskommunane vil som før kunne påleggje løyvehavar vilkår for å ivareta overordna funksjonar, som bruk av særskilte traséar, trafikknutepunkt, takstsamarbeid mv. Det skal stillast vilkår om at materiellet skal ha tilgjenge for funksjonshemma, herunder rullestolbrukarar.

### Høyring

I brev av 27.02.18 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er det fremja følgjande fråsegn i saka:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til at Tide får ruteløyve for turistbuss på strekninga Voss – Myrkdalen – Vik i perioden 01.05 – 30.09, med to daglege avgangar til og med 2020.

Sogn og fjordane fylkeskommune ønskjer at ruta kan utføre lokaltrafikk på heile strekninga.

### Følgjer for lokaltransporten og andre relevante forhold

Skyss sine noverande ruter på strekninga Voss – Vinje og lokalrutene til/frå Myrkdalen vil truleg halde fram anten søknaden frå Tide vert imøtekomen eller ikkje. Dette mellom anna på grunn av fylkeskommunen sitt lovpålagte ansvar for skuleskyss. Søknaden frå Tide har berre moderat konkurranseflate mot desse rutene.

På strekninga Voss – Myrkdalen - Vik ønskjer Tide å konkurrere tilnærma direkte mot Skyss med omsyn til rutetider. Både Skyss og Tide vil ha gode korrespondansar med tog og ekspressbuss på Voss, men berre Skyss sine ruter vil korrespondere med ferje og buss til/frå nordsida av Sognefjorden.

Når det gjeld Tide sitt takstregulativ vil det ikkje ha konkurransekraft i høve til Skyss. Fylkesrådmannen vil difor tru at turistar er Tide si hovudmålgruppe. Det er ikkje sikkert alle reisande vil vere merksame på den store prisskilnaden. I følge yrkestransportforskrifta § 28 må gjeldande ruteplan vere godkjend av fylkeskommunen fire månader i førevegen, og i følge forskrifta § 29 må takstregulativ vere godkjent av fylkeskommunen to månader i førevegen.

Det er på Vossevangen utfordringar for kollektivtransporten knytt til endestasjon og haldeplassar. Dette er tilhøve Skyss tek omsyn til i si ruteplanlegging. Fylkeskommunen er i § 32 i yrkestransportforskrifta gjeve mynde til å gje pålegg om kva haldeplassar og terminalar som skal nyttast med vidare.

Dersom den omsøkte ruta vert køyrande side ved side med Skyss si, må publikum halde seg til ulike billetteringssystem, takstregulativ og kanskje også kanalar for ruteinformasjon. Også Skyss sine ruter vert i inneverande anbudsperiode utført av Tide Buss, desse mot tilskot.



Den offentlege rutetransporten i Hordaland vert i dag med få unntak utført av miljøvenlege transportmiddel. Transporten vert og utført etter strenge krav til dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår og mellom anna gode rutinar for handsaming av avvik. Tide har i sin søknad ikkje opplyst om dei gjer/vil gjere det same.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Som skildra i saka om ruteløyvesøknad frå Tide for strekninga Bergen – Seljestad – Oslo i møte i fylkesutvalet 01.02.18, er det av omsyn til måla i kollektivstrategien viktig for publikum å sikre ei god rolledeling og eit godt samspel mellom det offentlege kollektivtransporttilbodet og det private.

Fylkesrådmannen finn at det omsøkte rutetilbodet frå Tide vil vere eit anna produkt enn Skyss sitt. Dette på grunn av den store skilnaden mellom takstane. Fylkesrådmannen finn difor at oppretting av Tide si omsøkte rute ikkje vil truge det gjennomgåande sambandet (Bergen -) Voss – Vik – Vangsnes.

På grunnlag av vurderinga i saksframlegget av verknadene for den lokale kollektivtrafikken og andre relevante høve, finn fylkesrådmannen å tilrå at søknaden vert imøtekomen på vilkåra som framgår av forslaget til innstilling. Dette har bakgrunn i pålegget frå samferdselsdepartementet knytt til personar med nedsett funksjonsevne, relevansen av fylkeskommunen si mynde etter yrkestransportforskrifta §§ 28, 29 og 32, fylkesutvalet sin praksis med å oppmode til bruk av bussmateriell med god miljøteknologi.